



VENSKAPS- OG SAMARBEIDSAVTALE

mellom

Newcastle bispedøme i Church of England
og Møre bispedøme i Den Norske Kyrkja



Vi erkjenner at begge våre kyrkjer er medlemmer av Porvoo-fellesskapen, at vi tilhører éi heilag, ålmenn og apostolisk kyrkje, og trur at det er éin Gud, Far, Son og Heilag Ande.

Vi gler oss over kontakten vi har hatt med kvarandre sidan år 2000,

og er no samde om at vi vil

Be regelmessig og systematisk for kvarandre.

Utveksle informasjon, regelmessig og systematisk, om tilhøve i kyrkjene våre, og dele muligheiter, håp, visjonar, utfordringar og problem.

Skape høve for teologiske samtalar, refleksjonar og debatt med utgangspunkt i våre ulike tradisjonar, og særleg ha fokus på misjonale utfordringar og muligheiter i ei tid med stadig kontekstuell endring.

Legge til rette for at grupper og einskildpersonar i eitt bispedøme kan besøke tilsvarande grupper og personar i det andre, for å dele idear, røynsler og informasjon om; - teologiske spørsmål, - praktisk presteteneste, - diakoni og anna kyrkjelydsarbeid, - utdanning og misjonale utfordringar, - kyrkjemusikk og kulturarbeid, - og andre aktuelle saksområde.

Ta imot prestar og diakonar til å gjere teneste i kvarandre sitt bispedøme.

Sende representantar for å være til stades ved viktige hendingar i bispedøma, for å ta del slik det høver, og bære fram helsingar og på den måten gje synleg uttrykk for vår venskapsrelasjon.

Aktivt søkje å gje uttrykk for dei ti forpliktingane i Porvooavtalen når vi har kontakt med kvarandre.

Gjere ein innsats for å overvinne språk- og kommunikasjonutfordringar, og i det minste ha tydeleg kontakt ein gong kvart år.

Ta avtalen opp til ny vurdering kvar femte år og/eller når ny biskop blir vigsla.

The Rt Revd Christine Hardman
Newcastle Biskop

Biskop Ingeborg Midttømme
Møre Biskop

Underteikna i St Cuthbert's Chapel, Inner Farne, den 3. september, 2018